



Seim Eiendomsutvikling
v/ Terje Seim

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Dispensasjon frå vernereglar - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - avløp fra 11 nye boenheter og 1 eksisterende boenhet i Birkelandstunet, Alver kommune

Vi syner til søknad datert 16.03.2022 om dispensasjon frå verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Søknaden gjeld avløp frå 11 nye og 1 eksisterande bueining i Birkelandstunet i Alver kommune.

Vi innvilgar dispensasjon til å sleppe ut avløpsvatn til det marine verneområdet, men set vilkår om høge krav til reinsing. Sjå heile vedtaket med vilkår på siste side av dette brevet.

Dokument i saka

- Søknad frå Seim Eiendomsutvikling v/ Terje Seim datert 16.03.2022 med vedlegg
- Utfyllande informasjon i telefonsamtale den 14.09.2021
- Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke, datert 26.06.2020
- Naturmangfaldlova

Søknaden

De skriv at området er avsett til bustadføre mål i kommuneplanen. Den eksisterande bueininga er allereie tilkople eit offentleg avløpssystem, de skriv at dette systemet er reinsa i Seim reinseanlegg frå 2009, som er eit Salsnes silanlegg. De skriv at de, som tiltakshavar, har vore i kontakt med NIVA, som syner til at fjorden er i god forfatning. De viser også til at NIVA har uttalt at Lurefjorden er nøye overvaka og kjem til å bli forska på i tida framover. De ønskjer å kople alle 11 nye og det eine eksisterande avløpet inn på kommunalt reinseanlegg. De skriv at mengda avløpsvatn ut i fjorden vil auke med disse nye avløpa, men at de vurderer at utsleppet heller vil tilsvare 2 til 3 PE enn 5 PE per bustad, og de trur ikkje 33 - 55 PE vil påverke resipienten i fjorden.



Bakgrunnsinformasjon

Vi vil først og fremst informere om at tiltak som ikke går lenger ut i fjorden enn det den private eiendomsretten rekker, altså ut to meter under sjøkartnull, ikke trenger behandling etter vernereglene. Vi saknar enkelte detaljer i søknaden knytt til kor langt røyra er planlagt ut i fjorden, om de skal skifte ut røyra til større dimensjonar og kva trasè røyret/røyra ligg i/skal bli lagt i. Vi vil setje dette som eit vilkår i løyvet å informere om dette i ettertid av gjennomføringa av tiltaket.

Saka hamna først hos forureiningsavdelinga hos oss. Fordi søknaden må få dispensasjon frå verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, vart saka sendt vidare til naturmangfaldsseksjonen. Når eit tiltak må bli vurdert etter to regelverk (forureiningsmyndet hos kommunen og verneområdemyndet hos oss), er det som regel riktig å handsame saka etter det strengaste regelverket først.

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på om lag 71 km² i Alver og Austrheim kommunar med grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull. Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen. I dette dokumentet handsamar vi den delen av søknaden som går på tiltak i det marine verneområdet etter verneforskrifta. Ansvarleg tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter andre lovverk.

Lovgrunnlag

Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald, med mellom anna spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen (verneforskrifta § 1).

I verneforskrifta § 3 står det at i det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Både vegetasjonen og dyrelivet er verna mot skade og øydelegging. Området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som t.d. (vår understreking) etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøying av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Verneforskrifta § 5 b seier at forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon frå verneforskrifta til legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar. Søknaden dreier seg om utslepp, og ikkje nedgraving/utlegging av røyr. Utslepp av avløpsvatn ligg innanfor i verneområdet og må såleis få dispensasjon. Det er ikkje ein eigen heimel i verneforskrifta for utløp av avløpsvatn, og vi må såleis handsame den etter naturmangfaldlova si § 48.

I kapittel 11 i forureiningsforskrifta, vedlegg 1, punkt 1.1. står det:

1.1 Kriterier for utarbeiding/revidering av liste over følsomme og mindre følsomme områder

A. Følsomme områder

Statlige forurensningsmyndigheter skal registrere en vannforekomst som et følsomt område dersom den faller inn under en av gruppene nedenfor:



- a. naturlige innsjøer, andre ferskvannsforekomster, elvemunninger, fjorder og andre sjøområder som er eutrofe, eller som på kort tid kan bli eutrofe dersom det ikke treffes beskyttende tiltak.

Dei strengaste krava i forureiningsforskrifta følger av § 12-8 og omfattar reinsing av BOF og fosfor. Dei mindre strenge krava i forskrifta konsentrerer seg om suspendert stoff. Forskrifta kapittel 11 skildrar kva omsyn som ein må vurdere for kva næringsstoff som skal reduserast ved reinsing:

.....elvemunninger, viker, fjorder og andre sjøområder som har dårlig vannutskifting, eller som mottar store mengder næringsstoffer. Utslipp fra lite omfattende tettbebyggelse er i alminnelighet av liten betydning i slike områder, men når det gjelder omfattende tettbebyggelse, skal fosfor og/eller nitrogen fjernes med mindre det påvises at fjerning ikke vil ha noen innvirkning på eutrofieringen.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Tiltak av denne typen er omfatta av verneforskrifta for det marine verneområdet. Gjennomføringa av tiltaket føreset at Statsforvaltaren som forvaltningsmynde for verneområdet gir dispensasjon frå verneforskrifta.

Vi beklagar sein tilbakemelding. Det marine vernet er forholdsvis nytt, og vi jobbar no med ein forvaltningsplan slik at vi kan få ei meir føreseieleg forvaltning (nml §§ 8, 10). Planen er enno ikkje ferdig.

Verneføremålet i Lurefjorden og Lindåsosane er å ta vare på eit unikt fjord og pollsystem. Det er ein djup og mørk fjord, og all utskifting av vatn går over tre grunne tersklar. Dette førar til at Lurefjorden i lange periodar er eit oksygenfattig marint økosystem, og gjer det også sårbart for ureining. Fjorden er generelt ein dårleg resipient fordi det er så sein utskifting av vatn. Registreringar for Lurefjorden viser dårleg kjemisk tilstand, noko som også påverkar at vassførekomsten får dårleg økologisk tilstand. Vi jobbar for å kunne få inn tidsseriar med overvakingsdata for Lurefjorden og Lindåsosane, slik at vi kan seie meir om nivået på næringsstoff og klorofyll. Dette er viktig for å få eit betre kunnskapsgrunnlag (nml § 8). Fordi vi veit at fjorden er oksygenfattig nyttar vi føre-var-prinsippet (nml § 9) ved å stille høge krav til reinsing av utslepp.

I naturbase er heile sjøarealet her gitt verdi som nasjonalt viktig gyteområde for torsk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad.

VI har innhenta erfaringar frå Bjørnafjorden, tidlegare Fusa kommune. Kommunen har erfaring med fritidsbusetnadar med tilhøyrande utsleppsløyve til ein tilsvarande dårleg resipient som Lurefjorden, nemleg Lygrepollen. Lygrepollen er ikkje eit verneområde, men kommunen har sett høge krav til reinsing av avløpsvatn for å tilfredsstille krav i dagens forureiningsloverk.

Området som de søkjer å auke utsleppet av avløpsvatn, er eit populært og mykje brukt område for bading, ferdsel med båt og anna friluftsliv. Rett vest for utløpet av det eksisterande avløpsrøyet er det statleg sikra friluftsområdet [Fisketangen](#). Det er også tilrettelagt for synshemma og rullestolbrukarar.



Vi meiner at vi har tilstrekkeleg kunnskap til å kunne avgjere saka jamfør kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8. Generelt er Lurefjorden ingen god resipient. Vi gjer rekning med at kommunen handsamar utsleppssøknaden i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-8, jf. reglane om utslepp til *følsomme område*. Vi forventar og at kommunen følgjer opp med regulære kontrollar av avløpsanlegg i marine areal med dårleg resipient i kombinasjon med aktivt friluftsliv.

Vi vurderer tiltaket til å ikkje medføre vesentleg auka påverknad på verneføremålet for det marine verneområdet i nemneverdig grad dersom reinsinga av fosfor og organisk avfall vert tilstrekkeleg. Sidan verneforskrifta i utgangspunktet har forbod mot utslepp av avløpsvatn, vil det vere avgjerande at det er høg grad av reinsing før det blir sleppt ut. Det er også viktig at utsleppspunktet har så god vassutskifting det er mogeleg å få i ein dårleg resipient som Lurefjorden og Lindåsosane. Verneforskrifta sitt forbod mot utslepp av avløpsvatn har ikkje til føremål å hindre hytter og mindre einingar av einestadar å ha vassklosett. Vi ser likevel at denne saka kan skape presedens, og Alver kommune har varsla at det kan kome fleire tilsvarande søknadar.

Vi finn det såleis rett å innvilge dispensasjon frå naturmangfaldlova § 48 med vilkår om høge krav til reinsing.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48, jamfør verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane § 6, til utslepp av avløpsvatn frå Birkelandstunet i Alver kommune, på følgjande vilkår:

1. Utsleppet ligg i følsamt fjordområde og skal minst etterkome forureiningsforskrifta sine krav til reinsing av denne type utslepp til følsame område.
2. Dersom det er behov for ei ny røyrløsløsing skal same trase som den gamle bli nytta i størst mogeleg grad. Dersom bruk av røyrløsløsing opphøyrer, skal den bli fjerna og levert til godkjent mottak.
3. Det omsøkte tiltaket må vere slutført i løpet av 2025.

Vi minner om at dette er eit enkeltvedtak etter verneforskrifta, og at ansvarleg tiltakshavar sjølv er ansvarleg for å innhente løyve etter andre lovverk.

Klage

Denne avgjerda kan partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse klage inn for Miljødirektoratet med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren, som vil vurdere klagen og sende den til Miljødirektoratet dersom vi ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Statens Naturoppsyn
Alver kommune

Postboks 5672 Sluppen
Postboks 4

7485
5906

TRONDHEIM
FREKHAUG